levelser som treffer hjertet, kommer sjelden rekende på ei fjøl. Det oppstår lett konflikt med ens estetiske sans også kan man bli fristet til å ta en «Siv», men si det for all del ikke høyt.

■ Så, hvorfor er vi da så redde for å innrømme at vi ikke forstår alle de faglige og «riktige» ordene som kunstanmeldere krydrer sine fordypende beskrivelser med? Og hvorfor skal noen få privilegerte bestemme for oss hva som er riktig å like og hva vi som publikum skal definere som god kunst i dagens samfunn?

Jeg minnes med glede gamle Kan svaret simpelthen være at de ikke blir forstått i sitt eget hjemland, fordi skjønnheten og estetikken er i ferd med å forlate det norske samfunnet? Ja, hvorfor skapes det egentlig så lite kunstnerisk skjønnhet i dette landet? Og hvorfor er den estetiske sansen hos den enkelte så sterkt undertrykket av maktens trender og arrogante bedrevitere uten snev av selvkritikk? Skjønnheten eksisterer dessverre snart bare på sykehjemmene, som vage minner i de gamles hvithårede hoder.

Hva skal generasjonene etter oss arve når skjønnheten til slutt forsvinner helt? Vi som er tunge av

**OPPLEVELSE:** Hvorfor skal noen få bestemme hva som er riktig å like? spør innsenderen.

Foto: Kari Utgaard

alder og erfaring, etterlater oss en klode i stadig forfall. Våre barn skal videreføre og leve med denne arven.

■ Det er nå en stund siden Morten Viskum holdt sin utstilling av muselik på sprit i Nidarosdomen, eller alt oppstyret som ble da billedkunstner Bjarne Melgaard viste fram sine bilder av masturberende smågutter, hvor sjokkerte tilskueres indignerte påstander om pedofili måtte vike plass for det såkalte «kunstbegrepet».

Vi lever tydeligvis i en tid hvor fokuset nødvendigvis ikke er å skape noe vakkert, tiltalende og gjenkjennbart, men heller noe grensesprengende og sjokkerende som ingen andre tidligere har gjort før en. Uforståelige streker og tilfeldige fargeklatter på et lerret blir lett priset høyt når det følges av et hav av vanskelige ord, i tillegg til at kunstneren kan skilte med en CV som rettferdiggjør prisen på verket.

■ Mye av dagens kunst har en kontroversiell og sjokkerende uttrykksform som gir betrakteren en følelse av ikke å forstå, men det er muligens nettopp det som er meningen. Usikkerhet avler taushet – en taushet som bedrevitere og «fagfolk» kveler med sine fantasifulle anmelderklisjeer.

Eventyret om «Keiserens nye klær» er gammelt, men fortsatt illustrerende for mye av dagens kunstvirkelighet – et ugjendrivelig faktum man ikke en gang behøver å være kunstanmelder for å fatte betydningen av.

# Målformene og avisenes rolle i samfunnet

**Det har ikkje vore noka hemmelegheit akkurat at Høgre (og Frp) er imot sidemålet i skolen.**

Med «sidemålet» meinte og meiner ein helst nynorsk, sjølv om det finst ein god del nynorskbrukarar også innanfor desse partia.

No søndag 8. mai skulle visst vere den store frigjeringsdagen frå sidemålet, for då bestemte Høgre seg for å vedta at det skulle vere frivillig for elevar i ungdomsskolen å lære seg nynorsk.

Det er jo visse parti som har det med å gå for lettvinte løysingar og det som «folk flest» ser ut til å ønskje seg på eitt bestemt tidspunkt utan at ein tenkjer særleg mykje over konsekvensane.

Når det gjeld språksituasjonen i Noreg, har dei raud-grøne jobba ut ifrå eit langsiktig strategidokument utarbeidd av Språkrådet i 2005, «Norsk i hundre», eit dokument på heile 192 sider.

Som eit resultat av dette fekk ein Stortingsmelding 35, 2007-2008, «Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk» på 266 sider, der norsk språkpolitikk er grundig diskutert.

No er det ikkje slike dokument «folk flest» har for vane å lese og setje seg inn i. Som regel er det lettare å finne ei eller anna sak som verkar grei og stemme over den for så å sjå korleis det går.

Sidan mykje av politikken i Noreg blir utarbeidd med hovudbase i Oslo, blir det lett å gløyme at det finst folk utanfor bygrensa, og at landet er både langt og variert på alle måtar, ikkje minst språkleg og kulturelt.

GD er ei avis der det språklege mangfaldet blir teke på alvor. Det er ei av dei svært få avisene i landet der redaksjonelt stoff faktisk kjem på begge målformene, og der det som regel ikkje er noka tydeleg diskriminering av nynorsk.

På den måten er GD ei avis som aktivt tek stilling til at det finst ein god del lesarar som faktisk har nynorsk som sitt hovudmål, og som også knyter sin språklege og kulturelle identitet til nynorsk. Ei avis som nektar å godta at nynorsk framleis har ein viktig posisjon i Noreg, vil ikkje kunne vere ei god avis for alle, heller ikkje for dei som jobbar i avisa.

Aviser som nektar journalistane sine å bruke nynorsk, driv med aktiv diskriminering av enkeltpersonar og enkeltgrupper, noko som gjer at desse avisene faktisk blir mindre truverdige når dei prøver å framstå som om dei engasjerer seg for dei svake og undertrykte i samfunnet.

Det er mykje ein kunne ha skrive om dette. Men det som er litt merkeleg akkurat no, er at GD ikkje valde å omtale Høgre sitt vedtak mot nynorsk noko særleg.

Ei anna avis som bruker begge målformene aktivt, er Romsdals Budstikke. Dei skreiv på leiarplass 9. mai: «Vi tror det er godt for det norske samfunn at vedtaket fra Høyre ikke får gjennomslag. Vi er derfor enig med partileder Erna Solbergs stemmegivning. Gjennom språket, både bokmål og nynorsk, tar vi vare på vår arv. Vårt tredelte språk, bokmål, nynorsk og samisk, er en del av vår identitet som nasjon. Vi gjør ikke deler av et fag frivillig fordi et flertall av elever ønsker det. Det ville åpne for en underlig skolereform. Romsdals Budstikke har i sine spalter begge målformer, og vet at det er en viktig del av vår identitet som talerør for hele distriktet.»

For ei avis, som har språk og kommunikasjon som sitt viktigaste verktøy, og som ønskjer å nå ut til flest mogleg lesarar, kan det faktisk vere eit poeng å gjere det heilt klart at ein ikkje diskriminerer enkelte lesarar på bakgrunn av målforma deira.

I mai er det jo mange nok flaggdagar frå før; kanskje GD også bør tone flagg og markere at ein tek avstand frå alle politiske vedtak som går ut over det språklege og kulturelle mangfaldet vårt.

**Jens Haugan,**
*førsteamanuensis i norsk, Høgskolen i Hedmark*